

Meland kommune v/ Per Inge Olsen
Postboks 79
5906 Frekhaug

Løyving av tilskot til etablering i eigen bustad for vidare tildeling i 2014

Husbanken har løyvd kommunen

Kr 250.000 til tilskot til etablering

Husbanken har ved behandling av søknaden prioritert kommunar med dei største bustadsosiale utfordringane.

Tildelingskriterium

Tilskotet skal støtte opp om etablering i eigen bustad og sikre eigna bustader for vanskelegstilte på bustadmarknaden.

Enkeltpersoner kan få tilskot til etablering til oppføring, kjøp og refinansiering etter økonomisk behovsprøving. Det skal leggjast vekt på at husstanden sin situasjon er av varig karakter.

Tilskot til etablering og refinansiering skal vere sikra med pant i eigedommen og avskrivast med 5 % per år.

Løyvd tilskot under 40 000 kroner skal avskrivast straks.

Kunngjering

Kommunane må kunngjere ordninga. Vi viser til rettleiar frå Finansdepartementet "Om etablering og forvaltning av tilskuddsordningar i staten" s 21.

Utbetaling

Tilskotet vil bli utbetalt med det første.

Rapportering

Alle vedtak om utbetaling og avslag skal straks rapporterast.

Kommunen skal rapportere om bruken av tilskot på følgjande måte:

- Kommunar som bruker StartSak: Alle søknader om tilskot til etablering som blir behandla i StartSak og som får status utbetalt eller avslag blir automatisk rapportert til Husbanken.
- Kommunar som ikkje brukar StartSak: Alle søknader om tilskot til etablering som blir utbetalt eller får avslag skal rapporterast snarast som enkeltsaker i rapporteringsmodulen StartRap.

Manglande rapportering for 2014 kan føre til at kommunen ikkje får tildelt tilskot for 2015. Husbanken kan også avslå eller redusere storleiken på tilskotet dersom kommunen sit igjen med unyttta midlar når ny søknad skal behandlast.

Avsetning til tapsfond

I 2014 kan det berre unntaksvis, og etter ein grundig gjennomgang av kommunen sin låneportefølgje, setjast av midlar til tapsfond. Kommunar som har behov for å setje av midlar på tapsfond må søkje Husbanken om dette innan **03.11.2014**.

Kontroll

I samsvar med Statens bevilgningsreglement § 10 kan Husbanken og Kommunal- og regionaldepartementet iverksetje kontroll med at midlane vert tildelt og forvalta i samsvar med retningslinjene.

Klage

Husbankens avgjerd er ikkje enkeltvedtak og kan difor ikkje påklagast.

Informasjon

Ta gjerne kontakt med regionkontoret ditt dersom du treng meir informasjon. Vi viser til Husbankens retningslinjer for tilskot HB 8.B.21 og på www.husbanken.no.

Helsing
HUSBANKEN


Britt Nina Borge e.f.
Rådgiver


Roger Olsen
Rådgiver